

BHBAC3980

kandidat:6037

Bacheloroppgåve

Tryggleik og relasjonar i barnehagen

”Korleis jobbar barnehagelærarar med tryggleik for barna, med fokus på relasjonar”

Birjit Kvaslerud
Kandidatnummer: 6037

Bacheloroppgåve
(BHBAC3980)

Trondheim, mai 2020

Bacheloroppgåva er eit sjølvstendig studentarbeid gjennomført ved Dronning Mauds Minne Høgskule for Barnehagelærerutdanning og er godkjent som ein del av barnehagelærerutdanninga. Under utarbeidinga av oppgåva har studentane fått veiledning ved DMMH



DronningMaudsMinne
HØGSKOLE FOR BARNEHAGELÆRERUTDANNING

Innholdsfortegnelse

1.0 INNLEIING	3
1.1 VAL AV TEMA OG PRESENTASJON AV PROBLEMSTILLING.....	3
1.2 OPPGÅVAS INNHALD OG STRUKTUR.....	3
2.1 TRYGGE RELASJONAR	4
2.2 TRYGGLEIKSIRKELEN	4
2.3 TRYGG VAKSEN OG PRIMÆRKONTAKT	6
2.4 RELASJONSKOMPETANSE	7
2.5 VURDERING AV RELASJONSKVALITET.....	8
2.6 TVERRFAGLEG SAMARBEID.....	8
2.7 GODE RUTINAR SKAPER TRYGGLEIK	8
2.8 ULIKE TYPER TILKNYTINGSRELASJONAR	9
2.9 EFFEKTEN AV DÅRLEG SJØLVREGULERING.....	10
3.0 METODE	11
3.1 VAL AV METODE	11
3.2 UTVAL OG REKRUTTERING AV INFORMANTAR.....	12
3.5 SKILDING AV GJENNOMFØRINGA	13
3.4 ANALYSE AV DATA.....	13
3.5 METODEKRITIKK.....	14
3.6 ETISKE RETNINGSLINJER	15
4.0 FUNN OG DRØFTING	16
4.1 TRYGGE RELASJONAR	16
4.2 TRYGGLEIKSIRKELEN	17
4.3 RELASJONSKOMPETANSE	18
4.4 PRIMÆRKONTAKT	20
4.5 ULIKE TYPAR TILKNYTINGSRELASJONAR OG KONSEKVENSEN MED DET.....	21
5.0 AVSLUTNING/OPPSUMMERING	23
6.0 LITTERATURLISTE	25
7.0 VEDLEGG	27
7.1 INTERVJUGUIDE.....	27
7.1 INFORMASJON OG SAMTYKKESKJEMA	27

1.0 Innleiing

1.1 Val av tema og presentasjon av problemstilling

I løpet av åra på Dronning Maud Minne høgskule for barnehagelærer har eg vore i praksis på forskjellige småbarnsavdelingar. Det har lært meg kor viktig det er med trygge relasjonar for dei yngste barna, då mange av barna ikkje har språket på plass endå og mange kjem rett frå heimen til barnehagen, noko som kan vera ein skummel omvending for mange barn. Eg har vore i barnehagar der dei har faste vikarar og barnehagar der dei ikkje har faste vikarar. Eg har då sett kor viktig det er med trygge tilsette som kjenner barna og kan gje dei den omsorga og tryggleiken dei treng for å utforske verda, lære og utvikle seg.

Ut i frå erfaringar i praksis og kunnskap frå Dronning Maud Minne høgskule om kor viktig det er med tryggleik og gode relasjonar for barna, bestemte eg meg fort at eg skulle velje temaet tryggleik og relasjonar i barnehagen. Eg ønskjer då å finne ut meir om korleis barnehagelærarar jobbar med tryggleik for barn og kva barnehagelærarar tenkjer om utrygge relasjonar og konsekvensar med det. Grunnen til at eg ønskjer å sjå på korleis dei jobbar med utrygge relasjonar itlegg til trygge relasjonar, er at barn kan oppleve relasjonar som ikkje er så gode som dei burde vera. I boka *livsmestring og psykisk helse* står det: ”Hvis barn har utrygge utrygge tilknytningsrelasjonar både til foreldrene og barnehageansatte, er det god grunn til å anta at deres utvikling kan bli hemmet” (Drugli & Lekhal, 2019, s. 95). Det her tenkjer eg det er viktig å vera klar over og vite korleis konsekvensar det kan ha for barnet, det er dermed viktig å få innsikt på korleis barnehagelærar tenkjer om dette temaet også.

Det tok litt tid å finne ut korleis problemstilling eg skulle velje, men etter å ha lest meg opp på temaet i forskjellige bøkar blei den endeleg problemstilling: Korleis jobbar barnehagelærar med tryggleik, med fokus på relasjonar?

1.2 Oppgåvas innhald og struktur

Eg har vald å dele oppgåva inn i fem kapittel. I det første kapitlet vil eg presentere teori som er relevant for problemstillinga mi. Her har eg støtta meg til ulike forskerar og eg kjem innom tema som trygge relasjonar, tryggleiksirkelen, relasjonskompetanse og utrygge tilknytningar. I kapittel 2 vil eg gjera greie for min metode, kva for val eg har tatt og kvifor eg har tatt desse vala, eg kjem også til å sjå på reliabilitet, validitet og etisk retningslinjer. I kapittel 4 vil eg

presentera funna mine og drøfte dei opp mot relevant teori. I det siste kapittelet kjem avslutninga og oppsummering av funna.

2.0 Teori


I dette kapittelet skal eg presentere teori som er relevant for problemstillinga mi.

2.1 Trygge relasjonar

I rammeplanen for barnehagelærarar (2017) står det: ”Personalet skal sørge for at alle barn opplever trygghet, tilhørighet og trivsel i barnehagen” (utdanningsdirektoratet, 2017, s. 19). Ein grunnleggande faktor for at eit barn skal kjenne seg trygt er god omsorg. Omsorg kan definerast som det å vise hensyn til barns kjensler og støtte barn i deira utvikling og læring (Askland, 2013, s. 59). Når små barn byrjar i barnehagen vil dei vise ulike tilknytingsåtferder til dei tilsette i barnehagen, kor god kvalitet det er på tilknytninga vil avhenge av korleis samspelet mellom dei tilsette og barna utviklar seg. For at eit barn skal kjenne seg trygt i møte med personalet må ein vera oppmerksom på barns signal og uttrykk og svare tilstrekkelege på deira signal (Glaser, Strøknes & Drugli, 2016, s. 66). I boka *livsmestring og helse* står det at for oppnå gode relasjonar må ein også anerkjenne barnet, det vil seie at ein møter deira opplevingar med tillit og respekt og forstår barnet som det er. Barnets verdi som menneskje tar i kraft når det blir anerkjent i sine opplevingar (Drugli & Lekhal, 2019, s. 53). Korleis foreldre reagerer i samspel med dei tilsette har mykje å seie på om barnet utviklar trygg eller utrygg tilknytning til personalet. Ved bringe- og hentesituasjonar vil barnet merke om foreldra har ein god tone med personalet eller ikkje (Glaser, Strøknes, & Drugli, 2016, s. 69).

2.2 Tryggleiksirkelen

For å skildre korleis dei grunnleggande behova for tryggleik heng saman brukar ein tryggleikssirkelen. Den forklarar rørsla mellom tilknytning og utforsking og byggjer på mange års forsking. Når ein snakkar om sirkelen, refererer ein til den øvste og nedste del av sirkelen. Nedst i sirkelen har barnet eit tilknytingsbehov og øvst i sirkelen ser ein barnet sjølvstendigheit og utforskartrøng. Eg vil no gå nærmare inn på dei to områda i sirkelen (Brandtzæg, Torsteinson & Øiestad, 2013, s.18).



Bert Powell , Glent Cooper & Kent Hoffman ”Circle of security”, i Øiestad m.fl (2013, s. 25)

Oppe i sirkelen utforskar barnet menneskjer, verda rundt seg og blir nysgjerrig på det livet har å by på. Det er ein viktig eigenskap, for nysgjerrigheit fører til meistring, glede og utviklinga av sjølvstendigheit. Denne nysgjerrigheita må ikkje bli avgrensa for då avgrensar ein også gleder og meistringa ved livet. (Brandzæg, Torsteinson & Øiestad, 2013, s.25). Barna treng oss når dei er oppe i sirkelen å utforskar, sjølv om mange ikkje trur det. Når barnet utforskar og leikar har det behov for å føle seg trygt. Barn har ikkje så god oversikt og forståing for kva som er farleg og ved å passe på kan ein sørge for at dei leikar på trygge stadar. Det vil gje dei ein indre tryggleik og styrke til å utforske vidare (Brandtzæg, Torsteinson & Øiestad, 2013, s.26). Ved å stryke barnet på ryggen, gje gode ord og smile vil ein også kunne vise glede over barnet oppe i sirkelen, det er viktig for at barna skal få tru på seg sjølv. Nokre gonger hender det at barn ikkje meistrar alt dei ønskjer, då må ein støtte meistringopplevinga til barnet, for at dei skal få tru på seg sjølv (Brandtzæg, Torsteinson & Øiestad, 2013, s.27). Her er det viktig med skryt og motiverande ord. Dei motiverande orda skal sørge for at barnet skjønar at det er like viktig å prøve som det å få det til (Ibid, s.27). Sist, men ikkje minst, er det viktig å oppleve felles glede, då kjensla av glede blir sterkare om ein opplev noko saman. Forsking har vist at felles glede er sentralt for utviklinga til barn, glede utløyser nyttige signalstoffar i hjernen og er eitt av grunnelementa til tryggleik (Brandtzæg, Torsteinson & Øiestad, 2013, s.28).

Nedst i sirkelen har barnet behov for å bli sett og å trenge trøyst. Når ein er på dette stadiet må dei tilsette vera ein ladestasjon for barna. Ved å gje barnet eit smil, eit fang å sitte på eller

trøystande ord kan barnet lade seg opp og forsette leiken. Om barnet blir lada for lite opp kan det føre til at barnet mistar lysten til å leike, blir uroleg, misfornøgd eller sint. (Brandtzæg, Torsteinson & Øiestad, 2013, s. 29). Det kan vera mange grunnar til at barnet treng lading og dei yngste barna blir fort urolege på innsida, sidan nervesystemet deira ikkje har kome langt i utviklinga endå. I barnehagen skjer det mykje og barnet treng derfor ein beskyttande vaksen. Ein må alltid vera på vakt, for om ein ikkje har kontroll på det som skjer kan tryggleikskjensla forsvinne for barnet. Ein beskyttande vaksen må også kunne gje trøyst når barnet er nede i sirkelen, om barnet er trist eller redd vil ein trenge ein vaksen som er tilgjengeleg og villig til å gje barnet den omsorga det treng for å lade seg opp. Barna vil fort merke om dei vaksne er til stades eller ikkje, og det vil vera avgjerande for om dei kjem til oss for å få trøyst eller ikkje. Møter ein barnet med irritasjon og utolmodigheit, vil det ikkje vera like lett å søkje den trøysta ein treng som når dei vaksne gjev aksept og viser tilgjengelegheit (Brandtzæg, Torsteinson & Øiestad, 2013, s. 32). Som oppe i sirkelen treng barnet at me viser glede over dei. Det er ikkje alltid like enkelt, då barn ofte kan utfordre oss og å få oss til å kjenne på kjensler ein helst ville vore forutan, som irritasjon og oppgittheit. Med kunnskap om kor viktig tryggleik er for utviklinga, vil ein kanskje kunne leggje vekk desse kjenslene og heller vise den godheita barna treng (Brandtzæg, Torsteinson & Øiestad, 2013, s. 34). Barnet har behov for at kjenslene blir organisert ned i sirkelen. Det handlar om å få hjelp til å tole og handtere det ein kjenner på innsida. Her må dei tilsette vise forståing for kjenslene barnet. Det kan ein gjera ved å vise forståing gjennom ansiktsuttrykk, berøring og ord (Brandtzæg, Torsteinson & Øiestad, 2013, s. 35). Tryggleikssirkelen er eit spennande tema som eg ønskjer å sjå nærmare på i drøftingsdelen

2.3 Trygg vaksen og primærkontakt

Gjennom heile dagen i barnehagen har barnet behov for ein eller to tilknytingspersonar (Broberg, Hagström & Broberg, 2014, s. 170).

For å fremje nære relasjonar mellom personalet og barn blei det i 1990-åra innført ein primærkontaktmodell i mange norske barnehagar. Modellen blir brukt på forskjellig måtar, nokon brukar berre element frå modellen og kallar til dømes primærkontakten for kontaktperson, nokon følger den nøyaktig og andre brukar ein tilsvarande primærkontaktmodell (Drugli, 2017, s. 149).

Ein primærkontakt har ansvar for nokre barn på avdelinga og skal følgje dei ekstra opp når dei startar i barnehagen. Når primærkontakten konsentrerer seg om nokre barn om gongen, blir kontakten mellom dei betre og sannsynet for at barna utviklar nære og gode relasjonar større. Om barnet får ein trygg relasjon til primærkontakten kan barnet bruke denne tryggleiken til å utforske barnehagens miljø og andre relasjonar. Nokre barn har ein sekundærkontakt i tillegg til primærkontakt. Det er for å sørge for at barna blant anna alltid har ein trygg vaksen inne på avdelinga. Mange barnehagar tykkjer det derimot er for ressurskrevjande å ha primær- og sekundærkontaktar, at det berre fører til at barnet blir for avhengig av primærkontakten og at barnet vert sårbart når han eller ho er borte. Desse barnehagane legg heller vekt på at barna skal kunne bli like godt kjent med alle dei tilsette på avdelinga. På avdelingar med mange vaksne kan det derimot vera krevjande å bli kjent med alle dei tilsette på ein gong (Drugli, 2017, s. 150). Primærkontakt er eit tema som kan bli spennande å sjå nærare på i drøftingsdelen.

2.4 Relasjonskompetanse

Å ha ein god relasjonskompetanse er ein viktig kompetanse å ha når ein jobbar i barnehagen. Den er avhengig av våre eigne tilknytningserfaringar og vår evne til å metalisere. ”I korthet betyr mentaliseringevnen til å forstå egen og andres sinnstilstand og intensjoner, vår evne til å forstå oss selv og andre, våre hensikter, følelser, ønsker, tanke og tro” (Fonagy mfl. 1991b, sitert i Killén, 2017, s. 130). Eins eigen metaliseringsevne har opphav i eigne erfaringar frå barndomen, om dei tilsette har ein god bakgrunn med engasjerte og sensitive foreldre er dette ein stor resurs for personalet i arbeidet med barna (Killén, 2017, s. 131). Det kan også vera ei hindring alle menneskjer har ulike erfaringar frå barndommen. Med sjølvreflektering, open diskusjon og rettleiing kan ein gjera denne hindringa om til ein ressurs (Broberg, Hagström & Broberg, 2014, s.74). Ein vil av og til merke at ein knyter seg til nokre barn lettare en andre, det her kallar ein for ”personkjemi”, på bakgrunn av eins eigen oppvekst vil ein lettare forstå enkelte barns veremåte (ibid., s.74).

For å oppnå god relasjonskompetanse må ein vera bevisst på korleis ein sjølv er ovanfor barna og korleis ein reagerer på kvart enkelt barns veremåte (Drugli, 2017, s. 148). Den vaksne har også alltid ansvar for relasjonens kvalitet sidan relasjonen mellom vaksne og barn er asymmetrisk (Drugli & Lekhal, 2019, s.53).

2.5 Vurdering av relasjonskvalitet

For å fremje barnets trivsel og trygghet er det viktig å ha nære relasjonar til barna. Kvaliteten på relasjonen mellom personalet og barn vil variere. Den kan vera prega av både nærleik og varme, men også lite involvering, likegyldigheit, konflikt og sinne (Drugli, 2017, s.152).

For å få oversikt over relasjonskvaliteten i personalgruppa har ei rekke barnehagar innført ulike metodar for å finne ut korleis relasjonen mellom dei tilsette og barna er. Det er for å bli meir bevisst på relasjonen ein har til dei forskjellige barna. Ved å reflektere over kvaliteten, kan ein avdekke relasjonar som ikkje er så gode som ein ønskjer. Det er ein fordel å evaluere ofte for å ufarleggjera temaet, ytterlegare vil det føre til positive endringar for barna. Negative relasjonar og relasjonar ein er usikker på er veldig viktig å avdekke sidan dei kan føre mistrivnad og negativ utvikling hjå barnet. Desse relasjonane kan føre til at barnet har problem med å ta kontakt med dei tilsette og dermed får dei tilsette problem med å nå fram til barna. Ved å kunne drøfte og evaluere over sin eigen relasjon til barna kan relasjonane bli betre, men det finst tilfelle der dei tilsette har problem med å endre bildet dei har av barnet og skjønar ikkje sitt eige bidrag til relasjonen. Her kan dei tilsette vera flinke til å observere og hjelpe kvarandre innad i personalgruppa, nokon gonger treng ein hjelp til å avdekke dårlege relasjonar og ved å få eit anna perspektiv på relasjonen kan ein hjelpe kvarandre i riktig retning (Drugli, 2017, s. 156-157).

2.6 Tverrfagleg samarbeid

Det tverrfaglege samarbeidet dreiar seg om at barnehagen samarbeider med ulike profesjonar som helsesyster, barnevernet og pedagogisk-psykologisk teneste og ulike klinikkar og institusjonar som barne-, ungdom- og voksenpsykiatriske klinikkar, krisesenter og rusbehandlingsinstitusjonar. Samarbeidet dreiar seg både om førebyggjande arbeid som er retta seg mot alle barn, men også barn med vanskelege livssituasjonar. Det tverrfaglege samarbeidet er nødvendig for at barn skal få tidleg hjelp og dei tilsette i barnehagen får dermed støtte frå samarbeidspartnarane sine (Killén, 2017, s.22).

2.7 Gode rutinar skaper tryggleik

Tryggleik for barn bli skapt om barnehagen har gode rutinar som er føreseielege. Når barn

startar i barnehagen, kan det vera andre rutinar en dei er vant til frå heimen, som måltid, av- og påkleding og stell. I desse situasjonane er det viktig at personalet tenkjer gjennom korleis dei skal forhalde seg til barnet, slik at det kan føle seg trygt og ivaretatt av personalet og finn seg til rette i barnehagen (Drugli & Lekhal, 2019, s. 109).

2.8 Ulike typer tilknytingsrelasjonar

Tid, kontinuitet og engasjement er grunnleggjande for at ein tilknytingsrelasjon skal kunne utvikle seg. Den er avhengig av diverse faktorar som kor tett og regelmessig kontakt ein har med barna, kor oppmerksam ein er på barns signal og om ein er ein positiv omsorgsperson som har evna til å beskytte barna og sørge for barnets beste (Broberg, Hagstöm & Broberg, 2014, s. 61).

I boka *psykisk helse og livsmestring* står det: ”Negative følelser og utrygghet vil hemme barns lek, glede, interesse for andre mestringsforsøk og læring” (Drugli & Lekhal, 2019, s. 61).

Psykologen Ainsworth skil mellom tre ulike mønster for tilknytningar i si forskning frå 1978, der ho undersøkte samspelet mellom barn i eitt til to års alderen og deira omsorgsgivar. Dei tre mønstera er trygg, unnvikande og ambivalent tilknytning. Nokre år seinare kom forskaren Mary Main med ei komplimenterande forskning som inkluderte eit fjerde mønster, desorganisert tilknytning (Broberg, Hagstöm & Broberg, 2014, s. 48). Eg vil no gå nærmare inn på dei forskjellige mønstera og effekten det har på barnet.

Trygg tilknytning er det første mønsteret. Når barnet opplever trygg tilknytning vil det kunne søkje ein trygg base hjå omsorgspersonane sine, det er viktig for å kunne utforske verda og barnet får erfaring med at omsorgsgivar gir hjelp, høyrer etter og forstår barnets behov (Broberg, Hagstöm & Broberg, 2014, s.48). Om det oppstår unnvikande tilknytning vil barnet kvie seg for å søkje den trygge basen. Barnet blir ikkje møtt med forståing og trøyst og vil dermed få ein erfaring med at det ikkje hjelper å søkje den trygge basen og vil derfor halde desse behova for seg sjølv. Det kan føre til at barnet får ein sårbar sjølvstendigheit og vanskar med å regulere kjensler og forstå andre menneskjers kjenslemessige behov (Broberg, Hagstöm & Broberg, 2014, s. 50). Det som kjenneteiknar ambivalent tilknytning er at barnet er usikker på korleis omsorgspersonane svarar på deira signal og utstrekninga skjer på vilkåra

til den vaksne. Barn får dermed ein erfaring at det ikkje kan regulere samspelet med egne signal. Resultatet av dette kan bli passive barn som ikkje har tru på seg sjølv og nokon blir meir klengete og sutrete fordi dei blir den einaste måten å oppsøkje kontakt å få tryggleik. Den siste tilknytninga som Mary Main kom med er desorganisert tilknytning. Her har omsorgspersonane ein skremmande veremåte som gjer barna redde. Det her vil føre til eit indre kaos for barnet, det ønskjer å søkje trøyst, men barna er redde for omsorgsgjevarane sine og dermed har dei ingen trygg hamn å gå til (Broberg, Hagestôm & Broberg, 2014, s52). Barn med desorganisert tilknytning vil ha det vanskeleg med å samhandla med barn og vaksne i barnehagen. Dei tilsette i barnehagen må jobbe med systematisk samspel over lenger tid for at barnet skal opprette den trygge tilknytninga til dei vaksne i barnehagen (Glaser, Strøkesen, & Drugli, 2016, s. 58).

2. 9 Effekten av dårleg sjølvregulering

I ein svensk studie har dei funne samanheng mellom det å kunne regulere kjensler og psykisk helse. Barn som ikkje greier å regulerer kjenslene sine i to-års alderen, kan vera i faresone til å utvikle åtferdsvanskar når dei er fire år. Og med manglande erfaringar med å regulere i frykt i to-års alderen har dei auka risiko for internaliserte og eksternaliserte vanskar ved fire-års alderen (Drugli & Lekhal, 2019, s. 71) Internaliserte kjensler kan vera engsting, frykt og tristheit som fører til at barnet blir usikker og tilbaketrekt i mange situasjonar. Eksternaliserte kjensler kan vera irritasjon, trass og sinne. Barn med eksternaliserte vanskar kan ha problem med å leike med andre barn og kan ofte komme i konfliktar med dei tilsette i barnehagen (Drugli & Lekhal, 2019, s. 87). Barn med internaliserte og eksternaliserte vanskar har auka risiko for utvikling av negative relasjonar til vaksne i barnehage og skule (Drugli & Lekhal, 2019, s. 95). Men barn kan beskyttas mot seinare vanskar om dei tilsette gir støtte til å regulere følelsane sine. (Drugli & Lekhal, 2019, s. 71). ”Positive relasjonar mellom barn og vaksne i barnehagen, kan vidare i stor grad bidra til å forebygge en negativ utvikling hos barn i risikogrupper” (Drugli, 2017, s. 145).

3.0 Metode

I dette kapitlet skal eg gjera greie for kva for ein metode eg har brukt og korleis eg har komme fram til denne metoden. Her går eg igjennom tema som val av metode, utval og rekruttering av informantar, skildring av gjennomføringa, analyse av data, metode kritikk og etiske retningslinjer.

”En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme fram til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder” (Vilhelm Aubert , 1985, s. 196, sitert i Dalland 2017, s. 50).

Når ein skal gjera ei undersøking eller eit forskingsprosjekt er ein nøydd til å finne ein relevant og hensiktsmessig metode for å finne svar på den problemstillinga ein har satt seg. Me skil som regel mellom to spesifikke metodar: kvantitativ og kvalitativ metode. Kva for ein metode ein vel vil ha stor tyding for funna ein ønskjer å få. Kvantitativ metode legg vekt på å finne data som er målbare i form av tal og passar perfekt om ein ønskjer å finne gjennomsnitt eller andre rekneoperasjonar. I kvalitativ metode er framgangsmåten annleis, her er ikkje målet å finne data som er målbar med tal, men heller å få kunnskap og informasjon om menneskjers tankar og opplevingar (Dalland, 2017, s.52).

3.1 Val av metode

Då eg skulle velje metode var valet ganske enkelt, eg hadde satt meg ei problemstilling der eg hadde eit ønskje om å fange opp tankar og opplevingar og ikkje målbar data (Dalland, 2017, s.52). Dermed blei kvalitativ metode det rette for meg. Ved å bruke kvalitativ metode kunne eg gå inn i personelege erfaringar frå informantane mine og få eit intrykk om kva for tankar og syn dei har om korleis barnehagelærarar jobbar med tryggleik og relasjonar i barnehagen. For å få fram desse tankane var planen å bruke kvalitativ forskingsintervju. I eit kvalitativ forskingsintervju er målet å jobbe saman med informanten for å produsere kunnskap. Informanten kjem med sitt bidrag i form av informasjon ho eller han sit inne med, og som intervjuar har ein i oppgåve å vise respekt og empati ovanfor informanten (Dalland, 2017 s.63-64).

I boka *systematikk og innlevelse* står det at forskningsintervju kan vera utforma på ulike måtar (Thagaard, 2013, s.97). Planen min var å ha eit lite strukturert intervju. I eit lite strukturert intervju er det samtala mellom forskar og informanten som står i fokus, spørsmåla til intervjuet er ikkje ferdig formulert, men ein har hovudtema som ein tar utgangspunkt i (Thagaard, 2013, s.97). Under denne type intervju er det vanleg å bruke intervjuguide som hjelpemiddel, intervjuguiden er formulert med opne spørsmål som gir moglegheit til å utdjupe tema som informanten bringer opp. Men eg måtte dessverre gå vekk frå denne framgangsmåten for i løpet av perioden av datainnsamling vart alle barnehagar i landet stengde for å hindre smittespreiing av Covid-19. Eg blei derfor einig med informantane mine om å sende intervjuet via mail og at dei kunne sende tilbake svarar på intervjuet på denne mailen. Grunnen til at me blei einige å ta intervju på mail og ikkje på telefon eller skype var at eg ikkje hadde rukke å hente bandopptakar på biblioteket til å ta opp intervjuet før alt stengte og informantane tykte det var ein effektiv og fin måte å gjennomføre intervjuet via mail. Eit slikt intervju kallar ein for eit asynkront intervju. Denne type intervju strekker seg ofte over ein lenger tidsperiode, sidan informantane får spørsmåla sendt via internett, behøver dei ikkje å svare her og no, dei får dermed lenger tid til å tenke og reflektere over spørsmåla (Thagaard, 2018, s.110).

3.2 Utval og rekruttering av informantar

Eg hadde frå starten klare tankar om kven eg skulle intervjuer til oppgåva. Etter tre år i praksis, har eg fått mykje kunnskap frå praksis og mykje av denne kunnskapen kjem frå flinke barnehagelærarar som kan yrket sitt. Eg valde derfor informantar som eg har kjennskap til frå før og informantane mine namn bytta eg ut med fiktive namn. Mari har jobba i barnehage i 14 år, ho er utdanna barnehagelærar på Dronning Maud Minne Høgskule for barnehagelærarar og jobbar no som avdelingsleiar på ein 2-3 års avdeling. Silje har jobba i barnehage i 20 år, ho har også utdanninga si frå Dronning Maud Minne Høgskule for barnehagelærarar og er pedagogisk leiar på ein småbarnsavdeling med barn frå 1-3 år. Desse to informantane kjem frå to ulike barnehagar. Grunnen til at eg ikkje valde informantar som kjem frå forskjellige barnehagar var at eg ønskte å sjå om dei jobba likt eller ulikt med temaet, og tenkte også at det var spennande å få eit breiare utval.

Begge informantane mine jobbar på ein småbarnsavdeling og sidan eg har kjennskap til informantane mine frå før veit eg at dei jobbar aktivt med temaet tryggleik og relasjonar i barnehagekvardagen, dei sit dermed med mykje kunnskap og erfaringar som er relevant for

problemstillinga mi. Når ein vel informantar som har erfaringar og kvalifikasjonar som er strategisk i forhold til undersøkingas teoretiske perspektiv kallar ein det for eit strategisk utval (Thagaard, 2013, s. 61).

3.5 Skildring av gjennomføringa

Det første eg starta med var å lese meg opp på temaet slik at eg kunne lage ein god og relevant intervjuguide der spørsmåla sto i samsvar til problemstillinga mi. Ved å lese meg opp på temaet ville eg og sitte inne med meir kunnskap til sjølve intervjuet, slik at eg kunne delta aktivt og stille gode oppfølgingsspørsmål, men planen gjekk som sagt ikkje heilt som planlagd. Det blei ikkje utført eit strukturert intervju sidan alle barnehagane i landet vart stengt, dermed blei løysninga å sende intervjuguiden på mail til informantane mine der Word fila blei passordbeskytta. Passordet blei utdelt til dei to informantane mine og eg fekk svar på intervjuet via mail ei veke etter.

Sidan intervjuet vart sendt på mail, måtte eg sørgje for at spørsmåla var opne og lette å forstå. Det finnes ei rekkje faktorar som fører til feiltrinn når ein lagar ein intervjuguide. Det er blant anna spørsmål som ikkje er relevante til problemstillinga, utydlege spørsmål med framandord som er vanskelege å forstå og for enkle spørsmål som kan svarast med ja/nei svar (Løkken & Søbstad, 2013, s. 112). Eg hadde som sagt lest meg opp på temaet før og valde derfor spørsmål eg følte kunne gje meg svaret på problemstillinga mi der hovudspørsmåla var trygge relasjonar med fleire underspørsmål og utfordringar med å skape trygge relasjonar. Spørsmåla måtte eg sørgje for at ikkje kunne svarast med ja/nei svar, eg brukte derfor opne spørsmål med spørjeord som: ”Kva og korleis” og bad dei om å gje eksempel på mange av spørsmåla.

3.4 Analyse av data

Då eg hadde fått tilbake intervjuet starta prosessen med å behandle datamaterialet. For å kunne forstå det informanten ønskjer å formilde er det viktig at ein tek seg til å lese gjennom intervjuet grundig og deretter dele det inn og klassifisere data (Thagaard, 2013, s. 158) Eg tok meg derfor god tid til å lese gjennom dei to intervjuane og fargekoda det eg tykte var ekstra interessant for problemstillinga mi. Deretter starta eg å klassifisere dataen. Måten eg løyste det på var å lage eit nytt dokument, med hovudpunkt frå teoridelen og trakk deretter relevante

funn frå intervjuet som eg hadde fargekoda til kvar hovudpunkt det passa saman med. Grunnen til at ein klassifiserer tekst i kategoriar er for å få ein meir oversiktleg tekst og for å identifisere sentrale tema og mønster i teksten (Thagaard, 2013, s. 160). Ved å gjera det på denne måten såg eg lettare korleis eg skulle gå fram seinare når eg skulle starte på drøftinga, for å sjå kva for svar som passa saman med dei spesifikke teoridelane.

3.5 Metodekritikk

Metodekritikk handlar om å sjå kritisk på sin eigen metode. For å undersøkje metoden min vil eg gå nærmare inn på omgrepa validitet og reliabilitet og korleis eg har jobba med det.

Validitet

Validitet går ut på om forskinga er relevant eller gyldig. For å finne ut om forskinga oppfyller desse krava må ein undersøkje om dataen som samlas inn er relevant for problemstillinga (Larsen, 2017, s. 93). Sidan eg har tatt i bruk eit asynkront intervju, kan det oppstå feilkjelder. Først og fremst har eg ikkje hatt moglegheit til å stille oppfølgingsspørsmål om det er spørsmål eg ønskjer at dei skal utdjupe eller spørsmål dei har misforstått, det kan føre til at eg ikkje får den dataen eg treng for å få svar på problemstillinga mi (Dalland, 2017, s. 60). Det var derfor viktig for meg at spørsmåla mine var opne og lette å forstå, slik at det informantane kunne svare utfyllande og at spørsmåla sto i samsvar til problemstillinga mi. Måten eg sørgja for opne spørsmål var som sagt å stille spørsmål som ikkje kunne svarast med ja/ nei svar, derfor brukte eg spørjeord som kva og korleis, slik at informantane måtte utdjupe svara sine. For det andre kan det ta lenger tid å få svar på intervjuet når det blir sendt på internett. Informantane mine kan bli avbrotne av dagleglivet og dermed utsette å svare på intervjuet, det kan føre til eit avbrot i flyten av intervjuet og det kan hende at informantane mine derfor vel å trekkje seg, på grunn av lite kontinuitet (Thagaard, 2018, s.110-111). Det var heller ikkje eit problem, då informantane mine var svært ivrige og når eg sendte intervjuguiden sa eg til dei at dei berre måtte sende meg spørsmål om det var noko dei lura på. På denne måten sørgde eg for at informantane mine hadde kontakt med meg og det vart kontinuitet under denne prosessen.

Reliabilitet

Reliabilitet handlar om forskinga er påliteleg og om innsamlinga av data er gjort på ein tillitsvekkande måte (Thagaard, 2013, s. 201). Det handlar også om at andre som les oppgåva

skal ha innblikk i forskning prosessen og eg gir dermed lesaren ein moglegheit til å vurdere min pålitelegheit (Dalland, 2017, s. 55). Her har eg fordelen med at eg ikkje kan påverkar informantane i form av svara dei gir meg. Når ein sit ansikt til ansikt med informanten kan ein fort gi svar som er påverka av intervjuaren (Thagaard, 2013, s.203). I mitt tilfelle der eg kjenner informantane frå før kan det hende at dei hadde svara mindre utfyllande sidan me kjenner kvarandre frå før og at informanten tek det som sjølvfølgje at eg skjønner kva dei vil formidle utan at dei utdjupar seg. Sidan eg fekk svara på mail har eg heller ikkje hatt problem med å ikkje notert riktig eller ikkje fått med meg alt informanten har sagt (Dalland, 2017, s.60). Igjen kan problem som at informanten ikkje skjønner spørsmåla dukke opp eller at eg har problem med å forstå kva dei ønskjer formidle, men det har ikkje vore noko problem frå verken meg eller informantane.

3.6 Ethiske retningslinjer

Når ein skal skrive ei bacheloroppgåve har ein som forskar eit ansvar å ivareta personvern til informanten og sørgje for at sensitive opplysningar ikkje kjem på avveg (Dalland, 2017, s. 236). For å sikre personvern til informantane sendte eg ut eit informasjons- og samtykkeskjema der eg opplyste dei om deira rettigheitar som frivillig deltaking, retten til å trekke seg når som helst og at opplysningane blir behandla konfidensielt (Dalland, 2017, s. 241). Måten eg sørgja for anonymisering var å bytte ut namna til dei eg intervjuar med fiktive namn, der eg kallar informantane for Mari og Silje. Det blei også sendt inn søknad til Norsk Samfunnsvitskapeleg Datatjeneste (NSD) på vegne av alle bachelorstudentar som skulle samle inn egne data. Søknaden blei innvilga før intervjuet prosessen starta.

Sidan eg sendte intervjuet via mail på internett måtte eg og sørgje for at wordfila med spørsmåla vart sikra med eit passord. Det her er for å sikre personvernet i samsvar til lova frå artikkel 5. Prinsipper for behandling av personopplysninger (Personopplysningsloven, 2018, Kapittel II) Passordet hadde berre eg og informantane tilgang til, og svaret måtte sendast tilbake til meg i same dokument. På den måten forsikra eg meg om at ingen andre fekk tilgang til dokumentet. Eg gav også beskjed til informantane mine at dette dokumentet kom til å bli sletta så fort prosjektet var avslutta.

4.0 Funn og drøfting

I det følgjande kapittelet skal eg presentere funn frå teoridelen som skal belyse problemstillinga mi og deretter drøfte undervegs. Eg har vald å skrive funn og drøfting i eit kapittel fordi eg tenkjer det blir meir flyt i teksten ved å kombinere dei to saman og eg føler dei to delane går inni kvarandre. Eg har, som sagt i metodekapittelet, vald å bruke fiktive namn under drøftinga. Informantane har eg vald å kalle Mari og Silje.

4.1 Trygge relasjonar

Barnehagen er ofte den første plassen små barn møter utanfor heimen. Her skal barna vera i mange timar med ukjente og nye fjes. Barn vil vise ulike tilknytingsåtferder når dei byrjar i barnehagen, korleis samspelet mellom barna og barnehagelærarane utviklar seg er avhengig av kor god kvalitet det er på tilknytning (Glaser, Strøknes, & Drugli, 2016, s. 66)

Rammeplanen vektlegg kor viktig det er at dei tilsette sørgjer for at barn opplever tryggleik, tilhøyrslø og trivsel i barnehagen (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 19). I undersøkinga mi spurde eg kva informantane mine vektla i omgrepet trygge relasjonar. Mari skriv:

Det å byggje relasjonar som er trygge og solide er noko av det viktigaste med jobben min i barnehagen og desse trygge relasjonar må byggjast på tillit og respekt. Det å bli sett og anerkjent er viktig for å byggje trygge relasjonar.

Siljes svar er: ”*Dei vaksne må kunne anerkjenne, lytte, forstå og bekrefte barnet der det er*”. Her kan det sjå ut som informantane mine har ein nokså lik forståing for kva dei meiner trygge relasjonar inneber, og ein kan knyte deira syn på tryggleik opp til teorien til Drugli & Lekhal (2017, s.53) som seier at for å oppnå tryggleik må ein forstå barnet som den det er og anerkjenne barna med å møte dei med tillit og respekt. Det at dei begge ser på anerkjenning som ein viktig del av å byggje trygge relasjonar er bra, fordi barn får verdi som menneskjer når deira opplevingar blir anerkjent (Drugli & Lehal, 2017, s. 53).

Silje skriv vidare: ”*trygge relasjonar inneber at ein må møte barnet i kjensler, språk og kommunikasjon, ein må vera ein utviklingstøttande vaksen*”. I følgje Askeland (2013, s.59) handlar god omsorg om akkurat det her, at ein må støtte barn i utviklinga og læringa deira.

Mari nemner også at korleis dei tilsette møter foreldra er utruleg viktig for om barnet blir trygt eller ikkje. Ho skriv:

Dersom foreldra blir trygge og har tillit til dei tilsette i barnehagen, er det også lettare for foreldra å sei hadet til barna sine. Om foreldra er utrygge i denne situasjonen, merkar barnet det. Då kan prosessen med å finne tryggleik ta lengre tid.

Som Glaser, Strøknes & Drugli (2016, s.69) hevdar, er ein god tone mellom dei tilsette viktig for at barna skal føle seg trygge i hente og bringesituasjonar, og barna merkar om foreldra har ein god tone med dei tilsette eller ikkje. I rammeplanen for barnehagen 2017 står det:

”Samarbeidet mellom hjemmet og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldre og barnehagens personale har et felles ansvar for barnets trivsel og utvikling. Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldre”. (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29). Når Mari skriv at tillit og tryggleik er viktig for at dei foreldra skal føle seg trygge, vil det nok føre til at foreldre og tilsette har ein betre dialog og, som det står i rammeplanen, då samarbeider dei om barnets beste og finn ut korleis dei kan skape ein trygg barnehagekvardag for barna.

4.2 Tryggleiksirkelen

Eg har no sett på kva informantane legg i betydinga av trygge relasjonar og det er viktig for blant ana at barn skal kunne utvikle seg, bli anerkjent og sett. Men korleis kan ein bygge desse trygge relasjonane?

Informantane mine seier at dei begge brukar tryggleiksirkelen. Tryggleiksirkelen skildrar korleis dei grunnleggjande behova for tryggleik heng saman og har ein nedre og øvre del. (Brandtzæg, Torsteinson & Øiestad, 2013, s.18). Silje skriv at barn må lære seg å takle vanskelege kjensler og dei vaksne må ha evna til å leve seg inn i desse kjenslene. Her snakkar ho om den nedre delen av sirkelen. Nede i sirkelen må ein vise forståing for kjenslene til barnet. Ein kan vise forståing gjennom ansiktssuttrykk, berøring og ord, det er for å hjelpe dei til å handtere det ein kjenner på innsida (Brandtzæg, Torsteinson & Øyestad, 2013, s. 35). Akkurat som Silje skriv om. Ho kjem også med eit godt døme på korleis ein må møte barnet: *”Om barnet ønskjer eit plaster på ein liten prikk, fiksar du det. Ein må gjera det som skal til for at barnet får det betre med å vise forståelse, roe ned og gje trøyst som lindrar”*

Det kan vera mange grunnar til at eit barn treng trøyst, og ein skal alltid vera på vakt og ha kontroll på barna, slik at ikkje tryggleikkjensla bristar for barnet (Brandtzæg, Torsteinson & Øyestad, 2013, s. 32). Mari skriv om kor viktig det er med eit trygt fang når små barn byrjar i

barnehagen. Ho skriv vidare: ”Barn som er nye og utrygge, treng eit fang å sitte på. Ein må ta barnas signal på alvor og la dei sitte i den trygge hamna si.” Den trygge hamna fungerer som ein ladestasjon for barna. Dei yngste barna må ein passe ekstra på for dei har ikkje eit ferdig utviklinga nervesystem, her kan dei lade seg opp å forsette å leiken og utforske (Brandtzæg, Torsteinson & Øyestad, 2013, s. 29). Mari skriv vidare om det å støtte barnets nysgjerrigheit sjølv om barnet har forlate sin base, her meiner ho det er viktig å vera ein sensitiv vaksen og sjå om barnet treng nærleik eller fridom. Oppe i sirkelen er barnet nysgjerrig og barnet treng oss sjølv om dei er på topp. Det er for å støtte deira nysgjerrigheit som fører til meistring, glede og utforsking. Små barn har ikkje same forståing for kva som er trygt og utrygt, ved å vise at ein er tilstade for barnet kan ein gje barnet tryggleiken til å utforske vidare utan hindringar (Brandtzæg, Torsteinson & Øyestad, 2013, s. 26).

Tryggleiksirkelen var ikkje eit spørsmål eg hadde med intervjuguiden min. Det at dei begge tar det opp som eit viktig punkt for å byggje gode relasjonar er svært interessant. For kva skjer egentleg om barnet ikkje blir møtt både når dei er oppe og nede i sirkelen? Barn merkar om dei tilsette er der for dei når dei er glade og når dei treng trøyst. Om ein er ein fråverande vaksen vil det ikkje vera nokon som støttar barnet i deira utvikling og nysgjerrigheit (Brandtzæg, Torsteinson & Øyestad, 2013, s. 32). Glaser, Strøknes & Drugli (2016, s.66) hevdar at ein forutsetning for at barn skal kjenne seg trygt er tilsette som er merksame på barns signal og uttrykk, ein må svare tilstrekkeleg på desse signala. Det kan ein knyte til tryggleiksirkelen. Ein må vera merksam på barnets signal om det treng trøyst eller om det treng støtte i utforskinga si, slik som Mari og Silje skriv om.

4.3 Relasjonskompetanse

Å ha ein god relasjonskompetanse er viktig når ein jobbar i barnehagen. Silje skriv at for å byggje trygge relasjonar må ein vera utviklingstøttande og ein må kjenne seg sjølv. Her kan ein sjå ein samanheng med det som står i boka til Killén (2017, s131) som hevdar at det å ha ein god relasjonskompetanse inneber å kunne metalisere. ”I Korthet betyr mentalisering evnen til å forstå egen og andres sinntilstand og intensjoner, vår evne til å forstå oss selv og andre, våre hensikter, følelser, ønsker og tro” (Fonagy, mfl. 1991b, sitert i Killén, 2017, s. 130). Vidare seier Silje at fråverande vaksne eller feil inntoning stressar barnet, eit barn som blir møtt på feil måte krevjar ein vaksen som gjeninntonar seg. Drugli hevdar at god relasjonskompetanse inneber ein vaksen som er bevisst på korleis ein er sjølv og reagerer i

møte med kvart enkelt barn (Drugli, 2017, s. 148). Når Silje skriv om at tilsette må gjeninntone seg, forstår eg det som at ho meiner å reflektere over sin eigen rolle i møte med barnet og deretter prøve på nytt. Då viser ein sjølvrefleksjon og er klar over korleis ein sjølv må møte barnet.

For å få meir informasjon korleis dei jobbar med relasjonskompetanse i barnehagen, spurde eg om korleis dei jobbar for å forbetre relasjonen. Som ein ser i teoridelen er det viktig å ha nære relasjonar til barna for å fremje deira trivsel og tryggleik. Av og til knyter ein seg til nokre barn meir enn til andre, det her blir kalla for ”personkjemi” det vil seie at ein på bakgrunn av eigen oppvekst forstår nokon barns veremåte betre enn andre (Broberg, Hågström & Broberg, 2014, s. 74). Men Drugli (2017, s. 152) hevdar at forholda til dei tilsette og barna kan variere frå nærleik til likegyldigheit og lite involvering.

Mange barnehagar har derfor ulike system for å finne ut kva for ein relasjon ein har til dei forskjellige barna (Drugli, 2017, s. 164). Informantane mine brukte relasjonsskjema og relasjonssirkelen som eit verktøy for å forbetre relasjonen mellom dei tilsette og barna. Begge informantane mine seier at verktøyet blir brukt for å synleggjera kva for ein relasjon ein har til kvart enkelt barn og ved å bruke desse modellane får dei forståing for kvar dei må gjera ein betre innsats. I følgje Drugli (2017, s. 16) handlar det å forbetre relasjonskvaliteten om å avdekke relasjonar som ikkje er så bra. Om relasjonen mellom barn og tilsette er dårleg kan det vera vanskeleg for barnet å ta kontakt og få den tryggleiken ein treng. Det er derfor viktig å evaluere ofte for å ufarleggjera temaet. Silje seier at dei tilsette har eit mål om å minne kvarandre kvar dei er i relasjonen med barna og gje ros til kvarandre. Det står også i Drugli (2017, s. 165) at av og til kan det vera vanskeleg å skjone sitt eige bidrag i ein relasjon, men med hjelp av andre i personalgruppa kan ein hjelpe kvarandre til å få eit ana perspektiv.

Barnehagen til Silje er med i prosjektet fleirfagleg blikk. Ho seier det er eit observasjonskorps bestående av fysioterapeutar, ergoterapeutar, helsesyster og pedagogisk-psykologisk tjenesten som kjem i barnehagen for å observere på avdelingane. Her jobbar barnehagen tverrfagleg, det vil seie eit samarbeid som består av ulike profesjonar og klinikkar som skal hjelpe barnehagen til å få tidleg hjelp. Det kan gjelde heile barngruppa og enkelt barn (Killèn, 2017, s.22). Silje seier at dette samarbeidet hjelper dei til å reflektere over den jobben dei gjer og deira eigne roller.

Eg spurde dei vidare når dei hadde behov for denne relasjonskompetansen. Då svarta dei begge at relasjonskompetanse hadde dei bruk for heile dagen. I følgje Drugli og Lekhal (2019, s. 109) blir tryggleik skapt i barnehagen når ein har gode rutinar som er føreseielege. Når barn startar i barnehagen kan det vera andre rutinar enn heime, som ved måltid, av- og påkleiding og stell. I desse situasjonane er det viktig å tenkje over korleis ein skal forholde seg til barnet, slik at det kan føle seg trygt og ivaretatt av personalet. Når Mari skriv at ho brukar relasjonskompetanse heile dagen skriv ho også at det er viktig å tenkje på korleis kvart enkelt barn ønskjer å bli møtt frå barnet kjem om morgonen til for eksempel stellesituasjonar og då er det viktig med ein trygg og god relasjon i botn. Dette samsvarar med teorien til Drugli & Lekhal. Mari passar på korleis barnet ønskjer å bli møtt, korleis ho kan sørge for at barnet blir tatt vare på i spesifikke situasjonar der barna kanskje er litt usikre, og passar på at desse situasjonane blir trygge for barnet. Det at Mari ser kvart enkelt barn og deira behov, ser eg på som svært viktig då alle barn har forskjellige behov, det eit barn føler er trygt er ikkje sikkert eit anna barna føler er trygt. Ein må derfor vera merksam på deira signal og uttrykk og svare tilstrekkeleg på desse signala (Glaser, Strøknes & Drugli, 2016, s. 66).

4.4 Primærkontakt

Begge informantane mine hadde kontaktpersonar som tok imot barna når dei byrja i barnehagen. Kontaktpersonar er så og seie det same som primærkontakt, men mange barnehagar brukar ei ana tilvenning til primærkontakt og kallar det heller for kontaktperson (Drugli, 2017, s.149). Eg forstår det som at begge informantane mine brukar primærkontaktsystemet, berre at dei heller kallar det for kontaktpersonar. Ein primærkontakt skal følgje barna opp når det statar i barnehagen. Primærkontaktane skal sørge for at barna får tryggleik til å utforske barnehagen og andre relasjonar (Drugli, 2017, s.150). Silje skildrar ein kontaktperson slik: *”Oppgåvene til ein kontaktperson er å følgje barnet gjennom dagen og utfører stelling, måltid, legging og oppvakning m.m. Når barnet føler at kontaktpersonen er ei trygg base, vil barnet søkje andre personar og nye situasjonar”* Mari gir nesten den same skildringa av ein kontaktperson: *”Når eit barn startar i barnehagen er det kontaktpersonen som skal ta imot barnet. Når barnet får oversikt over dei daglege rutine vil det byrje å sleppe inn fleire vaksne”*. Her kan ein sjå at deira skildring av oppgåvene til ein kontaktperson er akkurat det same som oppgåvene til ein primærkontakt.

Barn har behov for ein eller to tilknytings personar gjennom heile dagen i barnehagen (Broberg, Hagström, & Broberg, 2014, s. 170). Dei som brukar primærkontakt har ofte ein sekundærkontakt når primærkontakta er vekke (Drugli, 2017, s.150). Mari skriv at dei på ein måte har ein sekundærkontakt, sidan dei jobbar i team med to tilsette. Då tok den andre automatisk over når ikkje den andre var tilstades. Silje nemnte ikkje om dei hadde ein sekundærkontakt eller ikkje.

Men kva vil eigentleg skje om både primær- og sekundærkontakten er vekke og kven skal vera den trygge basen for barna då ? Mange barnehagar vel å ikkje ha noko primær- eller sekundærvaksen. Dei meiner barnet kan bli sårbart når primærkontakten er vekke og ønskjer derfor at barna skal bli godt kjent med alle tilsette på avdelinga (Drugli, 2017, s.150). Dette kan stillast spørsmål ved, for på andre sida hevdar Drugli at det kan vera krevjande for små barn å bli kjent med heile barnegruppa (Drugli, 2017, s.150). Det vil nok derfor vera av større verdi å ha primærkontakt enn å ikkje ha det. Alle dei tilsette skal sørgje for gode relasjonar mellom dei og barna, fordi denne relasjonen er asymmetrisk (Drugli & Lekhal, 2019, s. 53). Det skal derfor ikkje vera noko problem om primærkontakta er vekke, fordi alle tilsette må frå dagen barna startar i barnehagen sørgje for relasjonens kvalitet.

4.5 Ulike typar tilknytingsrelasjonar og konsekvensen med det

Eg har no sett på korleis informantane mine har jobba med relasjonsarbeid i barnehagen, men eg lurte og på om dei såg nokon utfordringar med det å skape utrygge relasjonar. Silje seier det er ein utfordring med vikarar. Grunnen til det er at dei ikkje har faste vikarar og dei har ofte nye vikarar frå dag til dag. Ho skriv vidare at det er det mange barn som viser misnøye og redsel til nye vaksne. Sidan det er nye vikarar så ofte, rekk ikkje vikarane å byggje desse trygge relasjonane. For at tilknytingsrelasjonar skal kunne utvikle seg må ein ha regelmessig kontakt med barnet, ein må vera merksam på barnets signal og vera ein god omsorgsperson som søgjer for barnets beste (Broberg, Hågstrom & Broberg, 2014, s. 61). I barnehagen til Silje rekk ikkje barna å knytte seg til vikarane og blir ofte redde. Eg kan sjå for meg at det er ein stor utfordring for denne barnehagen då vikarar skal vera til hjelp og ikkje ein stressfaktor. Det her legg nok ekstra press på arbeidet til dei faste tilsette, då barn har behov for ein eller to tilknytingspersonar gjennom heile dagen i barnehagen (Broberg, Hågstrom & Broberg, 2014, s. 170). I barnehagen til Mari har dei faste vikarar, men ho seier at barna ofte testar vikarane.

Ho skriv: ”Det er derfor viktig å vera gode rollemodellar for vikarane og rettleie dei der det trengs, slik at dei kan kjenne seg trygge på seg sjølv i møte med barna”.

I studiet var eg også opptatt av å forstå kva som skjer om utrygg tilknytning oppstår. Silje skriv at barn med utrygg tilknytning til andre viser som regel negative samspelmønster og dårleg sjølvregulering. Svak sjølvregulering aukar risikoen for utvikling av både innagerande og utagerande vanskar. Psykologen Mary Main har forska på barn med ulike tilknytingsmønster. Ser ein i teoridelen snakkar ho om tre ulike mønster: Trygg, unnvikande og ambivalent tilknytning. Effekten av unnvikande og ambivalent tilknytning kan gå i forskjellige retningar. Med unnvikande tilknytning vil ikkje barnet søkje den trygge basen. Det kan føre til at barn har problem med å regulere kjensler og forstå menneskelege kjenslemessige behov (Broberg, Hågstrom & Broberg, 2014, s. 48) akkurat som Silje skriv, vil utrygg tilknytning føre til dårleg sjølvregulering, som er problemet med å regulere egne kjensler. Mari skriv at barn som er utrygge brukar alle sine krefter for å komme gjennom dagen. Det kan føre til at barnet blir veldig klengete til ein vaksen og bli passive. Dette samsvarar med den ambivalente tilknytninga, der barnet har problem med å skjønne signala frå omsorgsgjevarane sine. Det kan resultere i passive barn og dei kan bli klengete for det er den einaste måten dei får merksemd (Broberg, Hågstrom & Broberg, 2014, s. 50). Mari skriv og at utrygg tilknytning forhindrar barnets naturlege utforskartrøng og leik. Det passar saman med teorien til Drugli & Lekhal (2018, s. 61) som hevdar: ”Negative følelser og utrygghet vil hemme barns lek, glede, interesse for andre mestringsforsøk og læring”

Her kan ein sjå nokon av dei negative effektane utrygg tilknytning har for barna og ein ser dermed kor viktig det er for barn å ha trygge vaksne som ser barnet. Ser ein i teksten ovanfor skriv Silje at utrygg tilknytning kan føre til dårleg sjølvregulering. Ho kjem også med eit døme på kva som kan skje om barnet ikkje får hjelp til å regulere kjenslene: ”Barn som strevar med sjølvregulering når dei er tre, kan truleg få problem med åtferdsvanskar seinare i livet og problem med å knyte seg til lærerar på skulen, om ein ikkje set inn tiltak”. I eit svensk studie såg ein samanheng mellom regulering av kjensler og barns psykisk helse. Barn som hadde problem med å regulere sinne og frykt i to-års alderen var i faresona for å utvikle både internaliserte og eksternaliserte vanskar i fire-års alderen (Drugli & Lekhal, 2019, s. 71). Når barn utviklar eksternaliserte vanskar kan dei oppleve kjensler som sinne og kan ofte komme i konflikkar med dei tilsette og ha problem med å samspile med andre barn. Barn som opplev

intenalisererte vanskar kan kjenne på frykt og engsting og blir ofte tilbaketrekte (Drugli & Lekhal, 2019, s. 87). Barn med intenalisererte og eksternalisererte vanskar har og auka risiko for å utvikle negative relasjonar til vaksne i barnehage og skule (Drugli & Lekhal, 2019, s.95). Akkurat som Silje gav døme på, kan dårleg sjølvregulering påverke barnet seinare og i relasjonar til lærarar på skulen. Drugli & Lekhal (2019, s. 145) hevdar at ein kan hindre barn i å utvikle dårleg sjølvregulering allereie når ein ser at barnet har problem på dette området og dei tilsette må derfor gi barna støtte til å regulere kjenslene sine. I boka *Liten i barnehagen* står det: ”Positive relasjonar mellom barn og vaksne i barnehagen, kan vidare i stor grad bidra til å forebygge en negativ utvikling hos barn i risikogrupper” (Drugli, 2017, s. 145).

Ein ser dermed kor viktig det er med trygge tilsette som kan hjelpe barn både med små og store problem, barnehagekvardagen skal ikkje vera ein byrde for barna, her skal dei leike, utforske og utvikle seg sjølv og då må dei tilsette fange opp barns signal og vera ein positiv omsorgsperson som sørgjer for barns beste (Broberg, Hågstrom & Broberg, 2014, s.61).

5.0 Avslutning/Oppsummering

Problemstillinga mi er: ”Korleis jobbar barnehagelærarar med tryggleik for barna, med fokus på relasjonar”

I løpet av bachelorprosjektet mi har eg fått innsikt i korleis barnehagelærarar jobbar med temaet tryggleik og ulike typar relasjonar. Målet mitt var ikkje å komme fram til eit spesifikt svar, men å få breiare forståing for korleis nokre barnehagelærarar jobbar med dette temaet. Forskingsmetoden eg brukte var eit asynkront intervju, der eg samla inn funn frå informantane mine digitalt på mail og drøfta deira svar opp mot relevant teori.

Tryggleik og gode relasjonar er viktig for at barn skal kunne utvikle seg, lære og ha det trygt i barnehagen. Det finnes både gode og dårlege relasjonar. Korleis dei tilsette i barnehagen møter barna har innverknad på om barna får ein trygg eller utrygg barnehagekvardag. Ein ser dermed kor viktig det er å plukke opp signal frå barna, for om barnet ikkje føler seg trygt vil det ikkje søkje kontakt. I situasjonar der barna føler seg utrygge, er det då viktig at dei tilsette er tilstades slik at barna kan lade seg opp og forsette å leike og utvikle seg. Men det er og viktig å vera tilstades når barnet utforskar, slik at dei får ein indre tryggleik og kan utforske vidare.

Eg vil no komme med ein kort oppsummering av svara til informantane mine for å belyse problemstillinga. Informantane mine hadde mange gode erfaringar på området tryggleik og relasjonar i barnehagen. Dei hadde begge kontaktpersonar som skulle sørge for at barna fekk ein trygg relasjon når dei starta i barnehagen, og dei la vekt på kor viktig det er med anerkjennande vaksne som ser barnet som det ein er slik at barna kunne føle seg trygge. For å passe på at dei tilsette hadde gode relasjonar til barna brukte dei relasjonsskjema og relasjonssirkel. Det var for å avdekke relasjonar som ikkje var så gode som dei ønskte og sjå kvar dei måtte gjera ei endring. Relasjonskompetansen blei også tatt opp som eit viktig moment for å byggje trygge relasjonar, der Silje skreiv om kor viktig det var å kjenne seg sjølv og vera bevisst på korleis ein møter barnet. Dei sa begge at dei hadde behov for relasjon kompetanse gjennom heile dagen. Begge informantane brukte tryggleiksirkelen for å sørge for at barna blir sett og trygge både når barna er lei seg og usikker og når dei leikar og utforskar. Informantane mine kom også med utfordringar med utrygge relasjonar, Silje skreiv om vikarar som ikkje rakk å knytte seg til barna og at utrygge tilknytningar kunne føre til dårleg sjølvregulering. Mari skreiv blant ana at utrygge tilknytningar kunne føre til ein hindring i barnas utvikling og leik.

I arbeidet med bachelorprosjektet mitt har eg fått støre innsikt i korleis barnehagelærarar jobbar med tryggleik og relasjonar i barnehagen. Dette er noko eg kjem til å ta med meg vidare når eg skal ut å jobbe i barnehagen. Eg har fått støre forståing for kor viktig det er med trygge relasjonar for barna og kor viktig det er at ein byggjer desse trygge relasjonane med ein gong barna startar i barnehagen slik at barn får leike, utvikle seg og utforske verda under trygge forhold. Eg hadde litt erfaring på dette området frå praksis, men no sit eg med ein breiare kunnskap og eg har fått meir forståing for kva som kan skje om barnet ikkje opplever tryggleik og trygge relasjonar i barnehagen.

6.0 LITTERATURLISTE

- Askeland, A. (2013). *Kontakt med barn. Innføring i barnehagelærerens arbeid på grunnlag av observasjon.* (2. Utgåve). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag As.
- Broberg, M. Hagström, B. & Broberg A. (2014). *Tilknytning i barnehagen: Hva betyr trygghet for lek og læring?* Oslo: Cappelen Damm Akademisk
- Brandzæg I. Torsteinson, S. & Øiestad, G. (2013). *Se barnet innenfra. Hvordan jobbe med tilknytning i barnehagen.* Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6. Utgåve). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Drugli, M. B. (2017). *Liten i barnehagen.* (3. Utgåve). Oslo: Cappelen Damm AS.
- Drugli, M. B. & Lekhal, R. (2019) *Livsmestring og psykisk helse.* Oslo: Cappelen Damm AS.
- Killen, k. (2017). *Forebyggende arbeid i barnehagen. samspill og tilknytning.* Oslo: kommuneforlaget.
- Kunnskapsdepartementet (2017) *Rammeplanen for barnehagen.* Henta frå: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/barnehagens-formal-og-innhold/omsorg/>
- Kunnskapsdepartementet (2017) *Rammeplanen for barnehagen.* Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/samarbeid-hjem-barnehage/>
- Larsen, A. (2017). *En enklere metode. Veiledning i samfunnsvitenskapelig metode.* Bergen: Fagbokforlaget.
- Løkken, G. & Søbstad F. (2013) *Observasjon og Intervju i barnehagen.* (4. Utgåve) Oslo: Universitetsforlaget
- Lov om behandling av personopplysninger (2018). *KAPITTEL Prinsipper.* (LOV-2018-12-20-116) Henta frå: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-15-38/*#KAPITTEL_gdpr-2

Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget

Vibeke, G. Strøksen, I. & Drugli, M. B. (2016) *Utvikling, lek og læring i barnehagen. Forskning og praksis*. (2. Utgåve). Bergen: Vigmostad & Bjørke As

7.0 Vedlegg

7.1 Intervjuguide

Problemstilling:

Korleis jobbar barnehagelærerar med tryggleik for barna, med fokus på relasjonar?

Intervjueguide

- kva er du tilsett som ?
- kor lenge har du jobba i barnehage?
- kor lenge har du jobba i denne barnehagen?
- kvifor arbeider du i barnehagen ?
- korleis avdeling jobbar du på og kor lenge har du jobba på avdelinga?

Kva er dine tankar rundt trygge relasjonar

- kva vektlegg du i begrepet ?
- Er det nokon spesifikke situasjonar du har bruk for relasjonskompetanse?
-eksempel
- Er det faste rutinar i forhold til tilknyttinga til barna ?
- Kva for faktorar meiner du er viktig i forhold til trygge relasjonar ?
-Eksempel?
- Kan du fortelje om korleis dykk legg til rette for trygge tilknytingsrelasjonar på avdelinga?
- Og korleis jobbar dykk/ har jobba for å forbetre denne relasjonskvaliteten?
- Korleis jobbar dykk med å ivareta gode relasjonar mellom barn og tilsette?
-Eksempel

Har du nokon tankar rundt utfordringar til det å skape trygge relasjonar for barna?

- vikarar
- nye tilsette
- nye barn i barnehagen
- kva konsekvensar kan utrygg tilknytting ha for barna?
-eksempel

Noko du ønskjer å leggje til?

7.1 Informasjon og samtykkeskjema

er eit spørsmål til deg om å delta i eit bachelorprosjekt der formålet er å finne ut korleis barnehagelærerar jobbar med tryggleik for barna, med fokus på relasjonar. I dette skrive gir eg deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking inneber for deg.

Formål

Formålet mitt med prosjektet er å få meir innsikt i korleis barnehagelærarar jobbar med relasjonar og tryggleik i barnehagen.

Min problemstilling er: korleis jobbar barnehagelærarar med tryggleik for barn, med fokus på relasjonar. Dette er ei foreløpig problemstilling og det må ta til høgde for at den kan bli endra.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet

Dronning Mauds Minne Høgskule for barnehagelærerutdanning er ansvarleg for prosjektet

Kva inneber det for deg å delta?

Om du vel å delta i prosjektet, inneber det at du gjennomfører eit intervju. Slik situasjonen er no kjem eg til å sende intervjuet på E-post, der wordlfile er passordbeskytta, dermed får ingen andre tilgang til dokumentet.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykkje tilbake utan å oppgeve nokon grunn. Alle opplysningar om deg vil bli anonymisert. Det vil ikkje ha noko negative konsekvensar for deg om du vel å ikkje delta eller seinare vel å trekkje deg.

Ditt personvern – korleis me oppevarar og brukar dine opplysningar

Eg/me vil berre bruke opplysningar om deg til formåla eg/me har fortalt om i dette skrivet.

Me behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket

- Rettleiar; Gry Mette Dalseng Haugen og Sobh Chahboun
- I E-posten vil eg legge til spørsmåla i eit word dokument, dette dokumentet er passordbeskytta for å sikre personvern. Når eg har gjennomgått E-posten vil den bli sletta. Namn og kontaktopplysningar vil bli erstatta med andre kodar

Kva skjer med opplysningane dine når eg/me avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttas 22. Mai 2020. Alle personvernsopplysningar vil bli slettet innan prosjektslutt.

På oppdrag frå Dronning Mauds Minne Høgskule for barnehagelærerutdanning har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personvernsopplysningar i dette

prosjektet er i samsvar med personvernsregelverket.

Kvar kan eg finne ut meir?

Om du har spørsmål til bachelorprosjektet, eller ønskjer å nytte deg av dine rettigheitar, ta kontakt med:

- Dronning Maud Minne Høgskule for barnehagelærerutdanning ved; personvernombud; Hans Christian Ristad, Dronning Maud Minne Høgskule for barnehagelærerutdanning.

Med venleg helsing

Birjit Kvaslerud

Prosjektansvarleg

Gry Mette Dalseng Haugen

Sobh Chahboun

Student

Birjit Kvaslerud

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjonen om prosjektet tryggleik og relasjonar i barnehagen og har fått anledning til stille spørsmål. Eg samtykker til:

- Å delta i intervju

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlas fram til prosjektet er avslutta 22. Mai 2020

(Munnleg samtykke av prosjektdeltakar, dato)